

Val 2007 Røynde kandidatar dominerer?

Atle Jåstad

Skulevalprosjektet har som eitt av sine mål å auka den politiske kompetansen og interessa blant ungdom. Tanken er at dersom ungdommen til dømes veit korleis ein kan påverka rekkjefylgja på listene, og dersom ungdommen er interessert i utfallet, er sannsynet større for at han nyttar røysteretten sin ved valet.

Skulane har også i år vist stor interesse for å vera med i prosjektet som går føre seg 3. og 4. september. I skrivande stund har 364 skular med til saman 163 733 elevar meldt seg på. Valundersøkinga skal gjennomførast på 175 av desse skulane.

Partilister med høg gjennomsnittsalder

Dei politiske partia legg vekt på å balansera mange ulike omsyn når dei set opp listene sine. Viktigast er det sjølvsagt å ha tunga beint i munnen når dei øvste plassane på lista skal fordelast: Ein bør ha personar med brei politisk appell i kommunen, ein må ha både kvinner og menn, og ein bør kombinera ungdommeleg vitalitet med årelang politisk livsvisdom.

Oppsettet av lista er ei oppgåve for partia eller listemakarane. Veljarane har på si side høve til å påverka rekkjefylgja ved å endra på røysetetelen ved kumulering. I samband med kommunestyreval, kan slike rettingar ha stor innverknad på det endelege resultatet.

Dersom dei unge ser det som viktig å få ungdommar inn i kommunestyra, er det soleis råd å påverka valutfallet i denne leia. For å skaffa oss litt bakgrunn for å vurdere kor ungdommelege kommunestyra til hausten blir, kan me undersøkje nokre sider ved kommunestyrevalet i 2003.

I 2003 var om lag sju prosent av dei valde representantane under 30 år. Gjennomsnittsalderen for valde representantar var 46,8 år, for vararepresentantane var den 45,8 år, og for dei som

korkje vart valde eller vara, var den 48,7 år. Det viser at kommunestyrerepresentantane er ei godt vaksen gruppe. I tillegg ser det ut til å vera ein viss tendens til at ungdomskandidatane endar høgt oppe på lista, men ikkje heilt på toppen: Dei blir vararepresentantar.




RV er yngst

Dersom me reknar ut gjennomsnittsalderen for alle personane som sto på lista for eit parti, kan me få eit inntrykk av om det finst parti med ein meir ungdommeleg profil enn andre. Ikkje uventa har Pensjonistpartiet den høgste gjennomsnittsalderen med 69 år. I den andre enden av skalaen finn me Raud Valallianse med 42,6 år. Generelt sett viser resultatet at dei gamle og etablerte partia tenderer mot å ha ein høgare gjennomsnittsalder på sine kandidatar enn det nyare parti har.

Meir overraskande enn at Pensjonistpartiet har ein høg gjennomsnittsalder, er det at gjennomsnittsalderen varierer frå fylke til fylke. Ser ein vekk frå Oslo, er området rundt Indre Oslofjord eit gamlisområde. Sogn og Fjordane har lågast gjennomsnittsalder med 45,3 år.

På oppdrag frå Kommunal- og regionaldepartementet organiserte ErgoEphorma innsamling av vallister ved kommune- og fylkestingsvalet i 2003. NSD og forskarar ved Universitetet i Bergen, har lagt data til rette for analyse. Vallistene med alder og talet på røyster er tilgjengelege frå NSD.

Gjennomsnittsalder — Vallister 2003



Studentar tek fleire studiepoeng enn før Bjug Bøyum

Studentgjennomstrømming er eit tilbakevendande tema i analyser av høgre utdanning. Tal frå DBH syner at justerte reknemetoder gjev eit høgre estimat på studieeffektivitet enn det som vanlegvis blir nytta i publisert statistikk.

I 1998 viste tal frå DBH at studentane ved universiteta tok eksamenar tilsvarende 57 % av forventa aktivitet målt ut frå studiepoeng pr. student, medan 13 % av eksamenane sto til strykkarakter. I 2006 var tala 79 % og 8 %. Tala frå 1998 var alarmerande, og oppfatningar om behov for effektivisering av studiestrukturen var eit av utgangspunkta for etableringa av Mjøsutvalet, som la grunnen for kvalitetsreforma i høgre utdanning.

Kvalitetsreforma vart i verksett i 2003, evaluert under gjennomføringa og sluttrapporten vart publisert vinteren 2007. Evalueringa baserte seg på eigeninnsamla tal frå 2004 og 2005, og synte m.a. at studentane ikkje brukte meir tid på studia, men at dei tok noko fleire eksamenar enn tidlegare.

Tala som er refererte i evalueringa, gjev eit forsiktig estimat på studiepoengproduksjon. Evalueringsrapportane tek vidare ikkje opp skilnader mellom gjennomstrømming på ulike studienivå. Dette er ein viktig mangel, fordi det er stor skilnad på studentar på profesjons-, bachelor- og masternivå.

Mål på effektivitet i studia


Tidlegare evalueringsrapportar viser målemetodar som ikkje tek omsyn til eigenskapar ved sjølve studiet. Dette gjer DBH i sine målingar, og tala er meir opplyftande for kvalitetsreforma.

DBH har etter kvart fleire indikatorar på effektivitet og studie kvalitet: karakterar og strykprosent, fullføring i forhold til oppsett studieplan, fullførte studieprogram og kandidatattal som kan stillast saman med tal på studentar på normert starttid, samt fullføringsgrad for utvalde profesjonsstudium.

Studiepoengproduksjon per student er likevel det mest tenlege målet på effektivitet, både fordi det finnast lange tidsrekker og fordi det er eit relativt robust og enkelt mål. Indikatoren er basert på forholdet mellom oppnådde studiepoeng og tal på studentar. Eit års studium er normert til 60 studiepoeng, og dette representerer idealtalet (100% av forventa aktivitet) for studiepoengproduksjon.

Dei seinare åra har det vore vanleg å rekne produksjon i forhold til totalt tal på studentar i haustsemesteret. I DBH oppgjev institusjonane eit brøktal på alle studia, som uttrykker kor stor del av fulltid eit studium er rekna for å vere. Studentane kan ta fleire eller færre eksamenar enn studiet er normert til, og dette kan nyttast til å vekte studenttalet slik at deltidstudier ikkje tel like mykje som fulltidstudier.

Justering i forhold til forventa studieinnsats kallast "heiltidsekvivalentar". Med ein justert målemetode finn vi at kvar student i 2006 tok 47



studiepoeng – 79 % av forventa produksjon, mot 42 med den tradisjonelle målemetoden (70 % av forventa). I tala er gjentakseksamenar (eksamenar tatt for å forbetre karakteren) tatt bort. Reknar vi også desse med, er gjennomsnittstalet 82 % av forventa eksamensproduksjon.


Vidare syner tala at eksamensproduksjonen har auka med 15 % sidan 2000 målt ut frå heiltidsekvivalentar, medan auken ut frå den tradisjonelle målemetoden er på 8 %. Sidan året før kvalitetsreforma (2002) har produksjon per student auka med 7 % målt ut frå heiltidsekvivalentar.

$$\text{Heiltidsekvivalentar} = \frac{\text{Talet på eksamenar} * (\text{Studiepoeng} / 60)}{((\text{Talet på studenter haust} * \% \text{ av fulltidsstudium}) + (\text{Talet på studenter vår} * \% \text{ av fulltidsstudium})) / 2}$$

Universiteta aukar mest

Fleire faktorar bidreg til varians i studiepoengproduksjon. Det er stor skilnad mellom ulike typar institusjonar i nivå og dels i utvikling. Evalueringa av kvalitetsreforma peika på at universiteta opplevde ei minking i studiefråfall og auke i eksamensproduksjon. Auken i eksamensproduksjon for universiteta er på 14 % mellom 2002 og 2006, medan auken for statlege høgskular var på 4 %. Vitskapelege og private høgskular har faktisk opplevd ein nedgang i eksamensproduksjonen, på høvesvis 5 % og 2 % sidan 2002.

Kvalitetsreforma innebar ei omlegging av gradsstrukturen i sektoren, med innførsle av treårig bachelorgrad og toårig master. Masterstudiet skal normalt omfatte eksamenar og avhandling av eit års omfang kvar. Medan mykje av fokus i den pedagogiske dimensjonen av reforma truleg har fokusert på lågaregradsstudentar, er det særleg på høgare grad at det har vore problem med gjennomstrømminga. Eksamensproduksjonen for studentar på høgre grad i 2006 er på 61 % av forventa, mot 81 % for lågare grad. Auken i studiepoengproduksjon er likevel noko større for høgaregradsstudentar, med 11 % sidan 2002, mot 8 % for lågaregradsstudentar. Profesjonsstudier (medisin, odontologi o.l.) skil seg ut ved å ha ein langt høgare produksjon enn andre – 56 studiepoeng per student. Noko overraskande er det også denne kategorien som har størst auke, med 13 %. Dette kan skuldast at enkelte studium har gått over frå å vere profesjons- til høgaregradsstudium ("integret master").



Database for statistikk om høgre utdanning (DBH) er eit datavarehus for statistikk om den norske universitets- og høgskulesektoren, og har vore i produksjon hjå NSD i 15 år. Eit av dei viktigaste måla med systemet var å skape eit betre kunnskapsgrunnlag om sektoren, og synleggjere sentrale mål på ressursbruk og måloppnåing på tvers av institusjonane.

Introduksjonsprogram for innvandrere

Astrid Nilsen

Med lov av 4. juli 2003 nr. 80 om introduksjonsordning og opplæring i norsk og samfunnskunnskap for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven), ble introduksjonsprogram og -stønning til nyankomne innvandrere innført som obligatorisk ordning for kommunene fra og med 1. september 2004. Før ordningen ble gjort obligatorisk, hadde et økende antall kommuner ulike former for prøveordninger.


Introduksjonsordningen skal bidra til en lettere og raskere integrering av nyankomne flyktninger til det norske samfunnet. Alle kommuner som bosetter flyktninger har plikt til å tilby introduksjonsprogrammet. Deltakelse i kommunale introduksjonsprogram er obligatorisk for flyktningene.

Statistikken er basert på registrering av deltakere i introduksjonsordningen i KOSTRA-skjema 11B. For hver mottaker samles det inn opplysninger om bl.a. kjønn, sivilstatus, arbeidssituasjon, type kurs mottakeren har deltatt på i løpet av året, status for deltakelsen ved slutten av året, start- og sluttdato for deltakelsen, stønningssum.

Bortsett fra regnskapstall publiseres det kun tall for det totale antall mottakere av introduksjonsstønning på kommunenivå, og da bare for kommuner med flere enn tre deltakere. Årsaken til dette er hensynet til personvernet. Fra og med år 2005 er introduksjonsordningen en funksjon i kommuneregnskapet.

Data fra SSB er tilgjengelig i NSDs Kommunedatabase.

Antall mottakere av introduksjonsstønning 2005



Kilde: NSDs kommunedatabase/Statistisk sentralbyrå



NSDs Fastlegedatabase Forlenget databehandleravtale

Arild Mellesdal

NSDs Fastlegedatabase ble opprinnelig etablert med støtte fra Norges forskningsråd for å betjene forskere og studenter som ønsket å evaluere virkningen av fastlegeordningen.

Den forskningsbaserte evalueringen av fastlegeordningen ble avsluttet i 2005, men NSD har lenge arbeidet med å få på plass en ny avtale som kan sikre norsk forskning fortsatt tilgang til datamaterialet. I påvente av en endelig avklaring om dette har NAV (Arbeids- og velferdsforvaltningen) midlertidig forlenget avtalen med NSD om levering av data fra Fastlegerutinen frem til 31. desember 2009.

Kort sagt er Fastlegerutinen NAVs IT-system for å administrere fastlegeordningen. Fastlegerutinen er bare en del av datatilbudet som opprinnelig ble bygget opp i NSDs Fastlegedatabase. I tillegg til Fastlegerutinen ble databasen oppdatert med utbetalinger og takstdata, samt data fra Fordelingsrutinen (fra da fastlegeordningen ble etablert).

Det er flere årsaker til at databasen nå bare blir oppdatert med data Fastlegerutinen. Nye fag- og IT-systemer i NAV gjør at et betydelig tilretteleggingsarbeid vil kreves for å få opp et sammenlignbart datagrunnlag. Videre har regjeringen bestemt at administrasjon av fastlegeordningen og helserefusjonsområdet skal flyttes ut av NAV senest innen 2010.

Det er viktig å understreke at Fastlegerutinen er kjernen i datamaterialet om fastlegeordningen. NSDs Fastlegedatabase vil dermed også i fremtiden inneholde data om fastleger, fastlegelister, pasienter, legebytter m.m. Til disse administrative registerdataene vil det også være koplet på kommunedata fra NSDs Kommunedatabase/SSB.

I forbindelse med at databehandleravtalen nå er forlenget vil NSD gjennomføre en total revisjon av datadokumentasjonen og nettsidene til NSDs Fastlegedatabase.

European Social Survey Ny kumulativ datafil

Hilde Orten

Den kumulative datafilen for de to første rundene (2002 og 2004) av European Social Survey (ESS) kan nå lastes ned fra ess.nsd.uib.no.


Datasettet inneholder variabler fra spørsmål som har vært stilt i begge rundene. Temaene som dekkes er mediebruk og sosial tillit, subjektiv livskvalitet, politikk, religion, opplevd diskriminering og nasjonal og etnisk identitet. I tillegg inngår det et sett av sosiodemografiske variabler.

I filen finnes data for Østerrike, Tsjekkia, Tyskland, Danmark, Spania, Finland, Frankrike, Hellas, Irland, Italia, Luxemburg, Nederland, Polen, Portugal, Sverige, Slovenia og Storbritannia — alle land som har deltatt i begge de to første ESS-rundene.

Variabeldokumentasjonen er tilrettelagt som en PDF-fil med link til ytterligere dokumentasjon på nettet. Dette gir en god oversikt over spørsmål, kategorier og instruksjoner fra hovedspørreskjemaet, om omkodning på variabler og om datakvalitet. Samtidig går det tydelig fram dersom det er avvik for en variabel for ett eller flere land for en spesifikk ESS-runde.


Både den kumulative datafilen og variabeldokumentasjonen ligger under menyen "ESS Cumulative" på ess.nsd.uib.no.

Fastleger etter kjønn og alder



Kilde: NAV





B




NORGE

P. P.

CESSDA Portal Europeisk portal for samfunnsdata

Bjarne Øymyr



Ti europeiske dataarkiv har knyttet sine Nesstar-servere opp mot en felles flerspråklig portal som gir tilgang til nærmere 4 000 datasett fra hele Europa. Lanseringen av CESSDA Portal representerer en milepæl i en lang utvikling.

CESSDA Portal er resultatet av omfattende arbeid som er gjort gjennom prosjekter som NESSTAR, FASTER, LIMBER, MADIERA og DDI (Data Documentation Initiative). Portalen tilbyr omfattende og fleksibel funksjonalitet både når det gjelder søking, metadata, analyse av data og nedlasting. I portalen kan man søke via en thesaurus og få søkeordene oversatt til åtte andre språk. Søker man for eksempel med ordet "helse", vil man også finne datasett på alle de andre språkene hvor det står "health", "gesundheit", "sante" osv. Strukturerte metadata gir mulighet for å søke på spesifikke deler av dokumentasjonen, for eksempel kun søke i spørsmåltekst, eller kategoritekst. Portalen baserer seg på Nesstar-teknologi og gir mulighet for å analysere data direkte eller laste datasett ned til egen maskin for videre analyse.

Per juni 2007 er nærmere 4 000 datasett tilrettelagt for portalen. Både ved NSD og de andre arkivene jobber man kontinuerlig med publisering av nye datasett. NSD har stått for utvikling av nettsidene til CESSDA Portal. Adressen er www.cessda.org.

NSDs styre 2007–2009

På generalforsamlingen i april ble det valgt følgende styre for NSD AS i perioden 2007–2009:

Medlemmer:

Forskningsleder Bernt Aardal (leder), Oslo
Professor Knud Knudsen, Stavanger
Professor Inger Njølstad, Tromsø
Professor Lawrence Rose, Oslo
Fagdirektør Anne Skranefjell, Oslo

Varamedlem:

Førsteamanuensis Toril Aalberg, Trondheim

Ansattes representanter:


Atle Jåstad
Alette Gilhus Mykkeltvedt

ISSP 2008

Undersøking om religion

NSD inviterer norske forskarar til å delta i utforminga av spørsmål i ein postenquete om religion våren 2008. Undersøkinga blir gjennomført i regi av the International Social Survey Programme (ISSP) i over 40 land. Undersøkinga vart også gjennomført internasjonalt og i Norge i 1991 og 1998.

I Norge vil spørjeskjemaet innehalde ein norsk tilleggsmodule. Norske forskarar som er interesserte i å delta med eigne spørsmål i tilleggsmodule er velkomne til å sende inn forslag. Søknadsfrist er 12. oktober 2007. Nærare informasjon om undersøkinga og søknadsprosedyrar er tilgjengeleg frå NSD sine nettsider.



Norsk samfunns- vitenskapelig datatjeneste AS

Redaksjon:

Bjørn Henrichsen (ansv.red.)

Vigdis Kvalheim (redaktør)

Bjarne Øymyr (grafikk)

Anne M. Dueland

Kjersti Håvardstun

Arild Mellesdal

Alette G. Mykkeltvedt

Design: Crnic Design

Trykk: Molvik grafisk AS

Hovedkontor:

NSD

Harald Hårfagres gate 29

5007 BERGEN

Telefon: 55 58 21 17

Telefax: 55 58 96 50

nsd@nsd.uib.no

www.nsd.uib.no

Avdelingskontorer:

NSD - Universitetet i Oslo

NSD - NTNU

NSD - Universitetet i Tromsø

Norwegian
Social Science
Data Services